

Halvårsrapport til møte 26.09.17

Det vart våren 2017 halde ei ordinær generalforsamling 20.03. På dette møtet vart ikkje rekneskapen godkjend, og valnemnda hadde heller ikkje lukkast i å finne nye styremedlemmar til styret. Det vart difor halde ei ekstraordinær generalforsamling 3.05., der ein heller ikkje lukkast med å få gjort vedtak i forhold til økonomi og val. 22.05. var det difor ny ekstraordinær generalforsamling der det vart vald eit nytt styre, og ein fekk gjort vedtak i forhold til rekneskap og budsjett. Mellom desse generalforsamlingane vart det halde fleire eigarmøte der ein prøvde å finne løysingar på den vanskelege situasjonen med å finne nye personar til styret.

Det «nye» styret som vart vald 22.05. hadde sitt fyrste styremøte 05.06 og har soleis ikkje jobba så mykje 1. halvår. Denne rapporten vil kort ta for seg kva som har vore jobba med i perioden 01.01.–22.05.17, deretter vil det vere fokus på kva som har vore gjort frå 22.05. og fram til i dag.

Perioden 01.01. – 22.05.17

Styret var i denne perioden Frode Wærøy (leiar), Arnhild L. Velle (kasserar), Arne Velle, Kjærsti Haugen og Karl Eilert Nakkeberg.

Vara: Henriette Slettvoll og Ole Jørgen Tandstad.

Det vart i denne perioden halde 4 styremøter.

Saker som har vore drøfta/ arbeidd med i perioden:

- Utfordringar i forhold til vaskerutiner.
- Dei høge straumutgiftene i enkelte månader, og kva som kunne vere årsak til dette.
- Planlegging av oppussing av herregarderobe i samarbeid med symjehallen.
- Merking av golvet i storsalen, og konkludert med at det er årsmøtesak. Saka var likevel ikkje sak på årsmøtet.
- Branntilsyn 24.02.
- Styret hadde eit samarbeid med Eldsjel om å skaffe vakter til Lothepus- arrangementet, og fekk betalt kr 12 000 for dette.
- Det er kjøpt nye gardiner på klasserommet.
- Det har vore arbeidd mykje med å få på plass godt og stabilt reinhald. Reinhaldarane slutta og styremedlemmar måtte ta vasken i ein overgangsperiode, før ein inngjekk avtale med reinhaldsbyrået Renex i mai 2017.
- Styret har også hatt planer om å søkje tilskot hos fleire selskap.
- Oppdatering av aksjonær-registeret ved Anne Kari Hjorthol og Karl Eilert Nakkeberg.

Perioden 22.05.17 – 15.09.17

På ny ekstraordinær generalforsamling 22.05.17 vart desse valde:

Kristin Grebstad (leiar), Jan Ove Skogvold (økonomi), Hanne Ulset, Petter Velle, Arnhild L. Velle, Arne Velle og Kjærsti Haugen

Vara: Ole- Peder Holmberg, Torbjørn Hopland, Monica Aure Fallingeng og Sissel Hansen.

På grunn av mange saker å ta tak i vart ein einige om at det skulle vere sju personar i styret dette året.

Arnhild L.Velle søkte permisjon frå 20.august, og Ole- Peder Holmberg kom inn i styret frå same dato.

Det har i perioden vore 5 styremøter, i tillegg til nokre arbeidsmøter der ein har gjort praktisk arbeid. Ein har også gått gjennom heile huset slik at alle styremedlemmane skal «kjenne» huset. Kwart styremedlem har ansvaret 1 måned kvar for å fylgje opp i forhold til utleige m.m. på huset.

Det har vore mykje å ta tak i og det har vore mange møter utanom styremøta.

Vi har hatt møter med desse:

- Rekneskapsbyrået VIEW Ledger. Her har det vore to møter der ein har prøvd å skaffe oversikt over dette systemet. Det har kome fram at det har vore ein del rutinar som ikkje har vore fylgde, og vi vil no prøve ut dette systemet fram til nyttår før vi tek ei endeleg avgjerd på den vidare bruken av dette. Det har vore jobba mykje med å få oversikt over økonomien.
- Renex. Det var inngått kontrakt med desse i mai, og ein såg at dette var ein avtale grendahuset ikkje hadde økonomi til å halde. Ein hadde eit møte der talet på vasketimar vart justert ned, og så hadde ein eit møte der ein vart einige om å avslutte avtalen frå og med 27.06.17.
- Lydkjelleren. Lydanlegget på grendahuset fungera dårlig, og no virka heller ikkje mikrofonen på scena. Jarle Lade hadde tidligare (februar) sendt brev til det førre styret om dette, og med det som bakgrunn var der ein gjennomgang på huset med folk frå

Lydkjelleren. Dei lovde oss eit tilbod rett etter ferien, men dette har vi ikkje fått endå. Vi har etterlyst dette.

- Sykkylven kommune om:

- golv

-reinseanlegg

-møte med ordførar og økonomisjef om mva. Grendahuset må betale mva. på vare og tenesta, men får den ikkje tilbake. På møte diskuterte ein muligheiter for å fakturere større utgifter gjennom kommunen. Dette på bakgrunn av at kommunen er hovudeigar, og såleis

kan få tilbake mva. Det viser seg at regelverket er heilt klart på dette området, og kommunen får heller ikkje tilbake mva. i forhold til grendahuset. Ein arbeider no med å kome inn under same ordninga for mva. som frivillige organisasjonar, men då må ein fyrst gjere om vedtektene og gjere selskapet om frå L/ L til SA. Det som er klart er at investeringar på anlegg knytt til symjehallen kan kommunen få tilbake mva. på. Dette er ein i gong med rutinar på.

- Enøk – Einar Haram. Straumutgiftene til huset har vore veldig høge og ubereknelege, dette har blitt tatt tak i. Ein hadde Einar Haram på besøk saman med representantar frå kommunen. Her ventar ein på rapport.
- Fellesmøte med symjehallen om diverse samarbeid/ profilering. Dette med bakgrunn i at ein treng å samarbeide for å kunne gi eit best mulig tilbod til kundane. Det vert i desse dagar jobba med å lage eit enkelt infoskriv om grendahuset/ symjehallen som kan sendast ut til aktuelle leigetakarar.
- Møte med eigarlaga. Dette med bakgrunn i at dei skal skaffe pengar i forhold til budsjett.
- Møte mellom kommunen/ skulen/ grendahuset og barnehagen om plassering av avløpsanlegget.
- Møte med orientering om bruk av booking- kalenderen.

Andre saker som styret har arbeidd med i denne perioden:

Endring av organisasjonsform frå L/ L til SA

Ein har fått purring frå Brønnøysundregistra om at vedtektene må tilpassast lova om SA.

Samvirkelova tok til å gjelde 01.01.2008 for eksisterande andelslag, samvirkelag og andre selskap med avgrensa ansvar. Som bygg på samvirkeprinsippa betyr dette at vedtektene må tilpassast samvirkelova.

L/ L Velledalen Grendahus har ikkje gjort nødvendige endringar i organisasjonsform, og Brønnøysundregistra etterlyser no svar på brev utsendt hausten 2013. Dette har i fylgje dei vore purra fleire gongar utan at det har vore gjort noko med saka.

Etter vedtektene så er det berre det ordinære møtet i representantskapet som kan endre vedtektene. Det er òg andre særlege krav til handsaming av slik endring. Styret legg likevel fram saka på halvårsmøtet. Grunnen til dette er at det ikkje vert gjort framlegg om andre endringar enn dei som lova krev og som ein med andre ord er pliktige til å gjere. Framlegg til nye vedtekter er sendt ut i god tid før møte.

Avtale med skulen om leige av klasserommet og flytting av møterommet

Skulen har hatt auke i elevtalet og søkte om å få leige klasserommet til undervisningsrom. Dette vart godkjend av styret. Skulen har stått for ytterlegare oppgradering av klasserommet, og har også tatt ansvar for vask av både rommet, toaletta og gangen.

Endring av bruken av rommet førte til at møterommet vart flytta til kjellarsalen. Lerret og kanon er kjøpt inn. Denne flyttinga var det stilt ein del spørsmål om frå barnehagen. Dei meinte at klasserommet var eit fellesrom som skulle nyttast til møte. Ein har ikkje funne noko i møteprotokollen som tilseier ei slik tolking, og ein har etterlyst ein slik avtale frå barnehagen utan å få eit svar på dette. Det er òg laga til eit lite møterom på sminkerommet.

Det var tidligare sagt munnleg at grendahuset skulle pusse opp rommet, skulen skulle halde med lerret og kanon, og barnehagen tilbydde seg å halde med møblar.

Etter at skulen fleire gongar hadde etterlyst framdrift i forhold til oppussing, sa skulen seg villig til å ta ansvar for oppussinga. Skulen skaffa folk som gjorde dette på dugnad, og grendahuset betalte utlegg til måling m.m. til dette. Skulen har no, ved at dei brukar rommet, «fått att» lerret og kanon. Dei har ikkje fått noko avslag i leige for den jobben dei gjor ved oppussing. Barnehagen hadde sett inn konferansemøblar, og dei fekk tilbod om å kome med ein pris på møblane for så å få godskrive summen mot husleige. Barnehagen valde å hente møblane, demontere dei og plassere dei i ei løe. Styret vil, etter kvart som økonomien tillèt det, kjøpe nye konferansemøblar. I samband med tillaging av møterom i kjellaren vart det kjøpt og hengt opp nye gardiner.

Nye avtalar med skule og barnehage

Ein har prøvt å få grunnlaget for utrekning av dei leigesatsane som vart brukt for 2016/ 17 utan å lukkast. Ingen i det gamle styret har dette grunnlaget, og tidlegare styreleiar seier at det var bygt på tal som var kladda ned på eit papir, og ein pris, som etter det han kan hugse, var på 83– 84 kr. pr. time.

Vi har sett desse tala inn i eit rekneark, og dei stemmer ikkje med dei avtalar som er inngått. Legg ein dette til grunn så har barnehagen betalt om lag denne timeprisen, medan skulen har betalt ein stor sum for mykje. Difor måtte styret ta arbeidet frå grunnen av, og ein har valt å gjere vurderingar utan å ta omsyn til dei tidlegare avtalane.

Dei nye avtalane ga ein pris for barnehagen på kr 25 200,-, og for skulen på kr 61 425,-.

Barnehagen halverte deretter brukstida si, og prisen vart endra til kr 12 600,-. Barnehagen fekk ein

ytterligere reduksjon i prisen for dette året fordi salen ikkje var klar til bruk ved start. Skulen har heller ikkje fått brukt alle rom frå starten av, men dei har ikkje bede om reduksjon i prisen.

Oppretting av Facebook-side og oppdatering av nettside

Styret har laga FB- side for grendahuset og symjehallen. Dette er ein del av arbeidet med å «selje» huset. Det er viktig at også eigarane hjelp til med å gjere sida kjend.

Nettsida til grendahuset på www.velledalen.net er oppdatert, og vert brukt.

Reinseanlegg

Velledalen Montessoriskule, Velledalen Grendahus og Velledalen Symjehall har fått pålegg om å byggje reinseanlegg. Dette er eit vedtak frå 2013 som kommunen har utsett fleire gongar.

Grendahuset har teke på seg leinga av arbeidet med det nye reinseanlegget for å få grendahuset sine utgifter så låge som råd.

Petter Velle har tatt på seg ansvaret for prosjektet. Representantar frå grendahuset har vore i fleire møter med Sykkylven kommune og Sykkylven Energi om dette.

Reinseanlegget er tenkt plassert ved elva rett nedom grendahuset. Det er barnehagen som eig dette området. Etter at kommunen sende ut varsel om anlegget har det vore møte mellom kommunen, barnehagen, grendahuset og skulen om saka.

Eigarlaga sitt ansvar for å skaffe budsjettert beløp

Generalforsamlinga vedtok i sak om budsjett for 2017 at eigarlaga skulle skaffe 130 000 kroner. Av dette har det kome inn 55 000 kroner frå Brøvøllsfestivalen, og 12 000 frå Eldsjel i samband med jobb for dei. Styret sende brev til eigarlaga datert 10.07.17 der vi orienterte om kor stor sum som står att å betale frå laga. Det har etter dette vore eit møte der ein har diskuterte dette. På dette møte kom det fram at det var usikkerheit i laga om korleis dei ville løyse dette, så dette må det kome ei avklaring på (jfr eiga sak).

Dataløysing

Grendahuset har ikkje god nok dataløysing og dette er noko som må på plass. Skulen har no god fiberkapasitet og det er ikkje noko problem å dele dette med andre. Ein arbeider med ei løysing der også grendahuset vert kobla på dette fibernettet.

Forsikringar

Leiar har vore i møte med Gjensidige og gått gjennom forsikringane til grendahuset.

Bookingsystem

Arne Velle har laga bookingkalender til bruk ved utleige av huset. Kalenderen er no under utprøving, og styret, reinhaldar og utleigeansvarleg har pr. no tilgang til denne. Etter kvart vil ein kunne leggje til andre brukarar også. Det var eit orienteringsmøte om bruk den 29. august.

Dugnadsarbeid

Det har vore lagt ned eit stort tal dugnadstimar denne sommaren:

- Nytt golv i sal og kjøkkensal. Her hadde grendahuset ansvar for å rive ut golva. Det var mykje som skulle gjerast på førehand, mellom anna tømme og flytte glas- skapet, skru ned ribbeveggar m.m.
Rune Nilsen hadde ei viktig rolle her, saman med Odd Kåre Fet.
- Teleslynge. Då ein skulle skifte golv vart ein einige om at det var lurt å legge ned kablar til teleslynge når ein skulle vekk med golvet. Rune Nilsen og Jarle Lade tok ansvar for dette.
- Stolvogner/ bordvogn. Dette er ei sak som har vore tema i mange år. Vognskiner er no monterte, og er klare til bruk. Det viste seg at vognene er feilmontert, og Sykkylven Stål skal no sette på fleire hjul og skifte dei som er av feil type. Når dette er gjort skal nye frontar og stopparar setjast på.
- Boning av golv i kjellarsal, vestibyle oppe, kjøkkengang, kjøkken og klasserom er gjort på dugnad.
- Ned-vasking av kjøkken er gjort på dugnad i juli.
- Styret hadde ein ryddedugnad i ferien der mange av romma vart rydda. Det vart leigd inn ein container i samarbeid med symjehallen og V.R.F.
- Taket i dusjen på herregarderoba er måla.
- Veggane i kjøkkensalen og i vestibyla er måla oppatt.
- Herregarderoba er pussa opp, og i samband med dette er noko arbeid også gjort på dugnad.
- Herregarderoba er vaska ned på dugnad.
- Legionella- vask av alle dusjane.
- Uteområdet. Her er alt av slåing gjort på dugnad. Attfylling av ujamnheiter på plenen.
- «Gunnars plass». Her er ei rot fjerna, gras er tatt vekk mellom skiferhellene, det er sådd i på ny, og det er lagt nye heller på noko av området.

Tusen takk til alle som har stilt opp på dugnad denne perioden her, det er viktig og kjekt med positive og arbeidsame medspelarar!

Innebandy i salen på grendahuset

Ein har arbeidd mykje med denne saka, og ein har vore i kontakt med mange instansar i tillegg til Tarkett som har levert golvet. Ein har registrert stort engasjement i saka, både i form av telefonar og ein Facebook-aksjon.

Ei kort oppsummering av saka: Då ein ilag med kommunen valde dette golvet var det fordi det var det beste som kunne brukast i eit kombinert- hus, som Grendahuset er. I salsbrosjyra/bruksrettleinga var det lista opp kva golvet var godkjend for. Golvet var ikkje godkjend for innebandy. Dette måtte styret stille seg etter. Ein har inga fullmakt til å bruke huset til aktivitetar det ikkje er godkjent for, det må i så fall eigarane ta ei avgjerd om.

Vi har og sendt oppmoding til VIL (som eigar og brukar) om å forsøke å finne løysing på saka utan å få noko form for respons på den henvendinga. VIL har heller ikkje tatt kontakt for å snakke med styret om denne saka. Representantar frå VIL har endå til skulda styret for å skvise ut innebandy-gruppa, fordi - som dei seier, «er ei svak gruppe». Ein har også fått vite at VIL har vore i kontakt med ordførar, kultursjef og andre i kommunen for å få dei til å presse styret til å endre meining.

Etter mange rundar med Tarkett der styret har fått litt ulike svar, har ein etterkvart fått kontakt med ein leiande person i selskapet. Han opplyser at den brosjyra som er utgitt, og som vi har fått, ikkje lenger stemmer med deira anbefalingar. Dette golvet har etter kvart blitt meir utprøvd, og vert no også lagt i idrettshallar i staden for sportsgolv. Det kan no også brukast til innebandy.

Saka kjem opp som eiga sak på bakgrunn av den støyen som har vore kring styret sitt vedtak, og all den negative omtalen som vi har fått både på FB, gjennom telefon og usakleg snakk på bygda.

Utleige

Det har ikkje vore så mykje utleige dette året, og dette er noko ein må prøve å auke for å skaffe huset inntekter.

Reinhaldar

Elisabeth Sjøli vart tilsett som reinhaldar for grendahuset og symjehallen frå august 2017.


Uløyste oppgaver

Vi har ein del store saker framfor oss. Når det gjeld brannvern- rapport og scenerigg er dette to slike saker som vi ikkje har tatt tak i endå. Begge desse tek mykje tid og krev store økonomiske ressursar som neppe kan løysast av grendahuset åleine.


Det kan også sjå ut som at det er ein taklekasje i samband med takhattane for ventilasjonsanlegget. Dette må sjekkast ut og eventuelt ordnast.



Kristin Grebstad



Petter Velle


Jan Ove Skogvold


Hanne Ulset


Kjærsti Haugen


Arne Velle


Ole Peder Holmberg